

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 24.05.17
SAKSHANDSAMAR: Christer Bakke Frantzen, fagdirektør
SAKA GJELD: **Forskingsaktivitet i Sjukehusapoteka Vest**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 029/17

STYREMØTE: 01.06.2017

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Til saman 6 PhD studentar og 2 vitenskapleg tilsette driv for tida forskning som på ulikt vis er assosiert med SAV. Både tilsette med heil eller delvis permisjon frå SAV og eksterne personar er engasjert i desse forskingsprosjekta. Ingen av prosjekta er finansiert frå føretaket sine midlar. Forskarane er tilknytt ulike fagfelt; produksjon av legemiddel; formulering av kreftlegemiddel og klinisk farmasi; forskrivning av antibiotika, bruk av legemiddel i psykisk helsevern og geriatri. SAV har for tida ikkje eiga forskingsstrategi men tek sikte på å innarbeide forskning i pågåande strategiarbeid, og knytte dette opp mot Helse Vest sin forskingsstrategi, samt avklare grenseflate mot sjukehusføretaka på dette området.

Fakta

Krav til forskning styringsdokument 2017 for Sjukehusapoteka Vest (SAV).

Figur 1: Styringsdokument frå Helse Vest RHF til SAV i 2017, kapittel 3, Helsefaglege styringsmål.

Forskning og innovasjon

Forskning er ei av dei fire lovpålagde oppgåvene for helseføretaka, og heng tett saman med innovasjon og tenesteutvikling. Riktig satsing på dette området er ein grunnleggjande føresetnad for god utvikling av spesialisthelsetenesta.

Innovative innkjøp er et hovudverktøy for innovasjon og eit viktig virkemiddel for å utvikle nye og betre tenester i dialog mellom pasientar, fagmiljø og næringslivet. Dei regionale helseføretaka er bedt om å bidra til auka bruk av denne innkjøpsforma.

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest om å:

- medverke i forskning og utviklingsarbeid på områda legemiddelbruk og legemiddelforsyning, både i eiga verksemd og i samarbeid med dei andre helseføretaka.
- samarbeide med sjukehusføretaka i relevante forskings- og utviklingsprosjekt for å sikre gode data på behandlingseffekt av legemiddelbruk og graden av og konsekvensar av uønskte hendingar i legemiddelbehandlinga.
- implementere forskingsstrategi vedteke av styret i Helse Vest.
- implementere Helse Vest sin innovasjonsstrategi 2016-2020.
- bidra til å fremje innovasjon og leggje til rette for bruk av nye innovative løysingar
- bidra til å styrke innovasjonssamarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og næringslivet i samsvar med regjeringa sin handlingsplan for oppfølging av HelseOmsorg21-strategien.

Status for forskingsaktivitet i SAV mai 2017

SAV har for tida ikkje eigen strategi på forskingsområdet. Administrasjonen tek sikte på å innarbeide forskning som del av pågåande strategiarbeid. SAV har etablert ordning med D-stillingar for stimulere til rekruttering av forskarar frå egne rekker. Ordninga har ikkje vore nytta eller lyst ut sidan 2014.

Føretaket er involvert i ulike forskingsprosjekt. SAV har i samarbeid med forskingsmiljø tilknytt Senter for farmasi ved Universitetet i Bergen søkt om og fått tildelt forskingsmidlar frå Helse Vest RHF til fleire ulike prosjekt (sjå tabell 1). Forskarane som arbeider på prosjekta

er tilknytt SAV gjennom forankringsavtaler og PhD studentane er tilsett i SAV, medan vitenskapeleg tilsette ved UiB får tilskot til drift av forskingsprosjekt. Avtalane er utforma slik at fagavdelinga i SAV med jamne mellomrom får presentert progresjon i prosjekta.

Tabell 1: Forskingsmidlar frå Helse Vest

Prosjekt	Forskar	Type finansiering	Tidsrom
Nanocarriers for improved anti cancer therapy	Prof. Lars Herfindal	Driftsmidlar	2016-18
Multifunctional anti cancer nanocarriers to improve therapy and reduce cardiotoxicity	Ronja Bjørnstad	PhD	2016-18
Nanocarriers for improving the pharmacokinetic properties of anti-cancer drugs. An experimental study on drug loading, release and biodistribution.	Edvin Tang Gundersen	PhD	2017-19
Sonoporation of pancreatic adenocarcinoma	Prof. Emmet McCormack	Driftsmidlar	2017-19
Innovative microbubble formulation for targeted drug delivery using sonoporation	Ragnhild Haugse (permisjon frå stilling i SAV)	PhD	2016-18

I tillegg bidreg tilsette frå SAV inn i andre forskingsprosjekt med ulike kjelder til finansiering, (sjå tabell 2).

Tabell 2: Forskingsmidlar frå andre kjelder

Prosjekt	Forskar	Type finansiering	Tidsrom
Adherence til algoritme og antipsykotika i FEP	Rafal Yeisen (delvis permisjon frå stilling i SAV)	PhD, Tilknytta og finansiert av SUS	2012-18
Association between drug use and unfavorable outcomes in dementia	Ragnhild Djønnø Østerhus (delvis permisjon frå stilling i SAV)	PhD, NFR/Sesam Tilknytta SUS	2012-18
Interventions to promote prudent antibiotic prescribing in hospitals	Jannicke Slettli Wathne (permisjon frå stilling i SAV)	PhD – for tida finansiering frå Seksjon for pasientsikkerhet, Helse Bergen.	2012-18

SAV betalar per mai 2017 ikkje for forskning av egne midlar.

I tillegg er tilsette frå SAV involvert i andre forskingsprosjekt. I perioden 2011-16 har føretaket til saman 14 registrerte, NVI-godkjende publikasjonar i den nasjonale CRISTin-databasen¹ der ein eller fleire tilsette i SAV er medforfattarar.

Tabell 3: Artiklar per år i SAV

År	Tal artiklar
2011	4
2012	4
2013	1
2014	2
2015	1
2016	2
Sum	14

Tilsette har og produsert utgreiingar, undersøkingar og rapportar frå til dømes såkornprosjekt som ikkje vert registrert i CRISTin.

Føretaket har om lag 1-2 masterstudentar kvart år. Dei siste åra har det vore studentar tilknytt 3 av 4 avdelingar i føretaket, med rettleiarar frå SAV.

SAV har ikkje øymerka stillingar for PhD-studentar etter avslutta gradsarbeid. Føretaket har fleire medarbeidarar med doktorgrad som er tilsett i drifts- og eller leiarstillingar.

Deltaking på regionale aktivitetar for forskning og innovasjon

Fagavdelinga deltek med representantar i strategisk og operativt innovasjonsnettverk. SAV har delteke med fagdirektør på Helse Vest sin forskingskonferanse dei siste åra (ikkje i 2017).

Deltaking på nasjonale og internasjonale aktivitetar

SAV har delteke med postere på Farmasidagane og på internasjonale konferansar (t.d. den internasjonale konferansen for kliniske farmasøytar i 2017(EHCP) med poster om nasjonal kompetanseplan for klinisk farmasi). SAV deltek i nettverk for forskingsansvarlege med dei andre sjukehusapotekføretaka i Norge.

Kommentarar

SAV er eit lite føretak med avgrensa ressursar sett av til forskning. Det er behov for å lage ein strategi som peikar ut retning for korleis SAV skal drive sin forskingsaktivitet. Men og kva temaområde føretaket eventuelt skal satse på, tilknytning mot Helse Vest sin forskingsstrategi og korleis samarbeidet med Sjukehusføretaka skal vere, mellom anna for å identifisere tema, men òg for t.d. ulike forskingsadministrative funksjonar.

¹ CRISTin (Current Research Information SysTEm In Norway) er etablert som enhet etter §1-4, punkt 4 i Universitets- og høyskoleloven. Dette innebærer at det faglige og strategiske ansvaret ligger hos departementene som leder organisasjonen via et eget styre.

Konklusjon

SAV har ein viss forskingsaktivitet tilknytt føretaket gjennom forankringsavtalar og gjennom tilsette som deltek i prosjekt finansierte frå andre kjelder. SAV har for tida ikkje ein strategi på forskingsområdet. Administrasjonen tek sikte på å innarbeide forskning som del av pågåande strategiarbeid.